

FORSIDE

Interkommunalplan for sjøareal Nordhordland

Føresegn

3 Gongs Høyring

## Innhald

<b>1. Innhald og rettsverknad av planen</b> .....	3
1.1. Innhald .....	3
1.2. Generelt om rettsverknad.....	3
1.3. Tilhøvet til gjeldande kommuneplanar (KPA) og kommunedelplanar (KDP).....	3
1.4. Tilhøvet mellom IKP SJØ og gjeldande reguleringsplanar (detalj- og områdeplan) .....	4
1.5. Areala innan for planområdet skal nyttast til følgjande arealbruksføremål: .....	4
<b>2. Generelle føresegner og retningslinjer (pbl. § 11-9)</b> .....	5
2.1. Plankrav (pbl. § 11-9, nr.1).....	5
2.2. Krav til funksjon, jf. pbl. § 11-9 nr.5 .....	6
2.3. Omsyn til miljøkvalitet og natur, jf. pbl. § 11-9, nr.6 .....	6
2.4. Omsyn til estetikk, landskap og kulturmiljø, jf. pbl. § 11-9, nr.6 og 7 .....	7
2.5. Infrastruktur (pbl. §11-9 nr.6).....	7
2.6. Tilhøve som skal avklarast og skildrast (pbl. § 11-9 nr. 8) .....	7
<b>3. Føresegner til arealføremål (pbl. § 11-9)</b> .....	8
3.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone – (V) (SOSI 6001) .....	8
3.2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (SOSI 2001) .....	23
3.3. Busetnad og anlegg (SOSI 1001) .....	24
<b>4. Omsynssoner (pbl. § 11-8)</b> .....	28
4.1. Omsynssoner.....	28
4.1.1. Støysone (210, 220, 230, 290) .....	28
4.1.2. Faresone (pbl. § 11-8 a) (310, 320, 350, 370, 380,).....	28
4.1.3. Sone med særskilt angitt omsyn (pbl. § 11-8 c) (530, 550, 560, 570, 580, 590) .....	30
4.1.4. Bandleggingssone (pbl. § 11-8 d) (710, 720, 730, 735, 740, 780).....	34
4.1.5. Gjennomføringssone (H810), pbl. §11-8 3.ledd bokstav e), jf. §12-6.....	36
<b>5. Føresegnsområder (pbl. § 11-10)</b> .....	37
5.1. Føresegnsområde .....	37
5.1.1. Reguleringsplanar som vert supplert av IKP Sjø .....	37
5.1.2. Deponi.....	37
5.1.3. Flytebrygger - Vaksdal kommune .....	37

## 1. Innhald og rettsverknad av planen

### 1.1. Innhald

Interkommunalplan for sjøareala i Nordhordland (IKP SJØ) er utarbeidd med heimel i plan og bygningslova (pbl.) § 11-5. Gjennomføringa knytt til prosess og vedtak er gjort samordna i interkommunalt planutval (jf. pbl. §§ 9-1, 2 og 3) samt planutval og kommunestyre i dei deltakande kommunane. Den formelle og juridisk bindande delen av planen er:

- Plankart i målestokk 1:xxx datert 24.03.2023
- Føresegn datert 14.06.2023

Det er samla og utarbeidd ulike grunnlag, temakart mm som vedlegg til sjølve plandokumenta. Sentralt her er:

- Planskildring datert 24.03.2023
- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse datert 24.03.2023

### 1.2. Generelt om rettsverknad

IKP SJØ styrer korleis sjøareala i dei åtte deltakande kommunane skal brukast og vernast, og kva omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala, jf. pbl. § 1-2. Planområde er satt til å gjelde sjø, men bruk og vern må sjåast i samanheng på begge sider av flomålet. Planen med plankart og føresegn er bindande for alle nye tiltak og vesentlege endringar innanfor planområdet, jf. pbl. § 11-6. Dette gjeld for vassflata, i vassøyla og på sjøbotnen.

Fleire tema i planen rører ved overgangen mellom sjø og land. Det gjer at sjølv om planområde er satt til å vere sjø er det eksisterande tilhøve som gjeld både land og sjø. Dette gjeld til dømes nåverande areal satt av til småbåthamn og som må handterast i føresegna.

### 1.3. Tilhøvet til gjeldande kommuneplanar (KPA) og kommunedelplanar (KDP)

a) IKP SJØ NH gjeld ved motstrid framfor følgjande kommuneplanar (KPA):

- KPA ALVER pr. 1.7.2022
  - KPA for Radøy 2011-2023 (planID: 1260-20080039)
  - KPA for Meland 2015-2026 (planID: 1256-2019001)
  - KPA for Lindås 2019-2031 (planID: 1263-2018005)
- KPA Austrheim 2019-2029 (planID: 1264-2013001)
- KPA Fedje 2012-2024 (planID: 1265-2012001)
- KPA Gulen 2012-2024 (planID: 1411-2012001)
  - KPA Gulen 2020-2030 (Revisjon, i prosess ikkje vedtatt)
- KPA for Masfjorden 2018-2030 (planID: 1266-2016004)
- KPA for Modalen 2015-2023 (planID: 1252-2014001)
- KPA for Osterøy 2011-2023 (planID: 1253-2010001)
  - KPA Sjø- og strandsona (planID: 1253-2014007)
- KPA for Vaksdal 2019-2031 (planID: 1251-2015001)

b) IKP SJØ gjeld ved motstrid framfor følgjande kommunedelplanar (KDP):

- KDP Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 (planID: 1263-2017001)
- KDP Lindåsneset med Mongstad (planID: 1263-2009005)
- KDP Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (planID: 1263-2008010)
- KDP Radøy Sør (planID: 1260-2007006)

#### 1.4. Tilhøvet mellom IKP SJØ og gjeldande reguleringsplanar (detalj- og områdeplan)

- a) Reguleringsplanar (Område- og detaljplanar) som fullt ut ligg i sjø vert supplert av IKP sjø og er vist i plankartet med #\_planID og er definert som føresegnsområde, sjå og pkt. 5.1.1
- b) Ved motstrid gjeld IKP sjø foran anna gjeldande plan.
- c) Reguleringsplanar som gjeld både for land- og sjøareal vert det ikkje tatt stilling til i dette planarbeidet. Planavgrensinga i IKP SJØ er sett til omriss av vedteken reguleringsplan

#### 1.5. Areala innan for planområdet skal nyttast til følgjande arealbruksføremål:

<b>Bygningar og anlegg</b>	(jf. § 12-5, nr.1)
- Råstoffutvinning (Skjelsand)	(SOSI 1200)
- Andre typar busetnad og anlegg	(SOSI 1500)
▪ Småbåtanlegg i sjø og vassdrag	
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	(jf. § 12-5, nr 2)
- Hamn	(SOSI 2040)
▪ Kai (SOSI 2041)	
- Trase for teknisk infrastruktur	(SOSI 2100)
▪ Energinett (SOSI 2110)	
▪ Vass- og avlaupsnett (SOSI 2140)	
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag</b>	(jf. § 12-5, nr 6)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag	(SOSI 6001)
- Ferdsla	(SOSI 6100)
- Farleier	(SOSI 6200)
▪ Hovud- og bilei, Hamneområde i sjø, Småbåthamn, Bøyehamn	
- Fiske	(SOSI 6300)
▪ Fiske, Kaste- og låssetjingsplassar, Oppvekstområde	
- Akvakultur	(SOSI 6400)
▪ Akvakulturanlegg i sjø	
- Naturområde	(SOSI 6600)
▪ Naturområde i sjø	
- Friluftsområde	(SOSI 6700)
▪ Friluftsområde i sjø	
- Kombinerte føremål i sjø	(SOSI 6800)

Retningslinjer er ikkje juridisk bindande, men gir føringar for rettslege og faglege vurderingar av plankart og føresegna.

## 2. Generelle føresegner og retningslinjer (pbl. § 11-9)

### 2.1. Plankrav (pbl. § 11-9, nr.1)

#### 2.1.1. Plankrav

I område med krav om reguleringsplan kan tiltak som nemnt i pbl. § 1-6, ikkje finna stad før det føreligg godkjent reguleringsplan.

For areal sett av til bygg og anlegg, medrekna område for bruk av småbåtanlegg, overskotsmassar og masseuttak etter pbl. § 11-7 nr. 1, teknisk infrastruktur etter pbl. § 11-7 nr. 2 og til framtidige / noverande småbåthamner etter pbl. § 11-7 nr 6, skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl. § 20-2, jf. § 20-1 vert tillate, med mindre anna er sagt under det einkilde planføremål.

Detaljreguleringsplan skal vise plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningshøgder samt terrenghandsaming, jf. pbl. § 11-9 nr 1. Reguleringsplanar skal ha ei avgrensing slik at viktige samanhengar vert avklarte. Kommunen skal i kvart enkelt tilfelle vurderer kor stort område reguleringsplanen skal omfatte.

#### 2.1.2. Unntak frå plankrav, jf. pbl. §§ 11-9, nr. 1 og 11-10):

For eksisterande areal satt av til småbåthamn og småbåtanlegg kan det tillatast mindre tiltak etter pbl. §§ 20-1, bokstav f, i, og j 20-4 bokstav a, c 20-5 bokstav a, d, e og g når vilkåra under er oppfylt:

1. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sine føresegner og retningslinjer.
2. Etablering eller utviding legg til rette for fellesløysingar
3. Verknad ikkje fører til ei vesentleg auke i miljøbelastninga for omgjevnadane i form av trafikk, støy og forureining, andre vesentlege negative verknader for nærmiljøet eller nasjonale og regionale interesser.
4. Eksisterande teknisk infrastruktur og transportsystem skal nyttast og har tilstrekkeleg kapasitet t.d. avkøyrslar, kryss, veg, trygg skuleveg m.v , eller eventuelt behov for oppgradering kan sikrast ved byggesakshandsaming.
5. Tiltaket er ikkje ein etappe eller del av større utbyggingsprosjekt og det er ikkje krav om felles planlegging.
6. Kommunen vurderer det ikkje som naudsynt med reguleringsplan for å gjennomføre tiltak, samstundes som omgjevnadane vert teke i vare og verknadane ikkje er vesentlege.

Ved gjennomføring av tiltak skal det leggast vekt på at det gjev ei forbetring av tilhøva i området både på land og i sjø

- **Forbetring** kan vere opprydding av einskild fortøying, betra tilgjenge til sjø for ålmenta, betra samanheng og tilhøve for ferdsle og legg til rette for fellesløysingar
- Tiltak fører ikkje til ei forverring av miljøtilstand eller belastning på omgjevnadane
- **Forverring** kan vere auke i miljøbelastninga ( støy og forureining), negative verknader for nærmiljøet (bygde og naturgjevne omgjevnader, kulturminne både på land og i sjø, verdifull vegetasjon, byrom mm..), redusert tilgjenge eller moglegheit for ferdsle

## 2.2. Krav til funksjon, jf. pbl. § 11-9 nr.5

- a) Planlegging og utbygging skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand og stormflo (kote +3 moh)
- b) Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur i sjø, kan graving i 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege
- c) Plan eller søknad om varige eller mellombels tiltak skal leggjast fram for regional kulturminnemynde til uttale før det vert fatta vedtak.

## 2.3. Omsyn til miljøkvalitet og natur, jf. pbl. § 11-9, nr.6

### 2.3.1. Ved planarbeid og tiltak må ein følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til:

- o Vasskvalitet og miljømål, jf. Vassforskrifta kap.2, §§ 4 og 12
- o Omsyn til anadrom villfisk som følgjer av lakse- og innlandsfiskeleva §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks)
- o Særskilte omsyn i nasjonale laksefjordar, jf. §7 i lakse- og innlandsfiskeleva
- o Gjeldande retningslinjer for luftkvalitet og støygrenser

### 2.3.2. Ved planarbeid og tiltak i planområdet for IKP Sjø skal:

- o Marine naturtypar<sup>1</sup> og leveområde for sårbare<sup>1</sup> arter skal takast omsyn til, og gjennomføring kan ikkje tillatast utan dokumentasjon på at tiltaket ikkje bidreg til forverring av tilhøve for naturtypene og leveområde og deira verdi eller økologiske funksjon, jf. pbl. § 11-9, nr. 6 og NMFL §§ 7 – 12.
- o Gyte- og oppvekstområde<sup>2</sup> takast omsyn til, og gjennomføring tillatast ikkje utan dokumentasjon på at tiltaket ikkje bidreg til forverring av områda sin verdi eller funksjon som gyte- og oppvekstområde for marin fisk<sup>3</sup>, jf. pbl. § 11-9, nr. 6 og NMFL §§ 7 – 12.
- o Ved søknad om etablering og drift av oppdrettsanlegg som kan medføra støy og ligg under 500 m frå støyfølsam busetnad som definert i gjeldande rettleiar, skal det leggast ved støyutgreiing. Det skal dokumenterast kva avbøtande tiltak som skal redusere støyulempen for busetnad eller viktige friluftsområde.
- o Dersom bruk eller drift av eit omsøkt tiltak / område i sjø, uavhengig av føremål opphøyrer, skal tiltaket / området ryddast og sanerast. Rydding og sanering skal gjerast så raskt som mogleg. Om ikkje det vert gjennomført kan kommunen syte for rydding og sanering for eigars rekning.

(<sup>1</sup> – Naturbase, <sup>2</sup> - Havforskningsinstituttet, <sup>3</sup> – Yggdrasil)

Vann-nett.no, Naturbase.no, Norsk Rødliste for naturtype og artar skal leggast til grunn for vurdering av viktige friluftsområde, naturtypar og arter. Lista er ikkje uttømmende. Gyte- og oppvekstområde er satt av til fiskeområde i plankart.

Ved planlegging i utbyggingsområde og i den enkelte byggesak kan det takast omsyn til:

- a) Viktige marine naturtypar og leveområde for sårbare arter
- b) Eksisterande marin flora, fauna og terreng i forhold til klimavern og eigenverdi
- c) Alle tiltak skal planleggast slik at utslipp til sjø ikkje kan føre til helse- eller miljøskade
- d) Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)
- e) Viktige allmenne friluftsområde

## 2.4. Omsyn til estetikk, landskap og kulturmiljø, jf. pbl. § 11-9, nr.6 og 7

### 2.4.1. Det skal i planlegging og i det einskilde tiltak takast omsyn til følgjande tilhøve:

- a) Ta i vare estetisk utforming, i samspel med verdifulle landskaps-, natur-, kulturlandskaps- og friluftsinnteresser, stadleg byggeskikk, kulturminne og kulturmiljø.
- b) Tiltak bør formast til og i landskapet slik at dei ikkje bryt horisontliner (åsprofilar, bakkekantar) eller er i konflikt med markerte landskapstrekk, jf. pbl. § 11-9 nr 6.
- c) Det er ikkje tillat å ankre opp flytande konstruksjonar som husbåt og lekter meir enn 2 månader utan løyve frå kommunen
- d) Unngå forureiningsproblem som følgje av tiltak, der dei står eller i sjø og vassdrag
- e) At tiltaket ikkje er til hinder eller ulempe for allmenn ferdsle eller friluftsliv, eller på anna måte fører til vesentleg ulempe for omgjevnadane
- f) Framlegg til plan eller tiltak skal vise korleis ein tek i vare kjente kulturminne og kulturmiljø og påverknad for deira nærmiljø/-område
- g) Plan eller søknad om varige eller mellombels tiltak skal leggjast fram for regional og lokal kulturminnemynde til uttale før det vert fatta vedtak

## 2.5. Infrastruktur (pbl. §11-9 nr.6)

- a) Ved regulering og iverksetting av nye tiltak (ink. oppdrettsanlegg) skal energieffektivisering og miljøvennleg energiforsyning nyttast (td. landstraum) når det er mogleg å få realisert.
- b) Tiltak knytt til infrastruktur kan tillatast når det dokumenterast at tiltak ikkje vil forverre:
  - Marine naturtypar<sup>1</sup> sin verdi eller funksjon og leveområde for sårbare arter<sup>1</sup>
  - Områda sin verdi eller funksjon som gyte og oppvekstområde for marin fisk<sup>2</sup>
  - Områda sin verdi og funksjon som friluftsområde. Avbøtande tiltak skal alltid vurderast.
  - Områda sin verdi og funksjon til utøving av fiske

(<sup>1</sup> – Naturbase, 2 - Yggdrasil)

## 2.6. Tilhøve som skal avklarast og skildrast (pbl. § 11-9 nr. 8)

- a) Reguleringsplanar eller tiltak etter pbl. § 20-1 a, b, d, g, j, k, m innanfor planområdet, er berre tillate dersom det kan dokumenterast tilfredsstillande risikotilstand
- b) Samla analyse for risiko- og sårbarheit (ROS) for kvar kommune som skal leggjast til grunn for tiltak i kommunen. Tema frå ROS-analysen skal vurderast og takast med i ROS-analyse for tiltak. Vurdering av planlagde tiltak og beredskap skal sjåast i samanheng. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal tilhøyrande ROS-analyse ta utgangspunkt i gjeldande KOMROS
- c) Tryggleikskrav knytt til naturfare gjeld for flytande akvakulturanlegg. Areal med føremål akvakultur som ligg i eller tett opp til faresone H310 skredfare skal vurderast med omsyn til reell fare, og krav til sikringstiltak, før løyve kan bli gitt. Jfr. TEK 17, kap 7.
- d) Nye tiltak (bygningar og anlegg) i tilknytning til bruk på sjø skal verte dimensjonert etter lokale tilhøve med omsyn til sårbarheit knytt til mellom anna ekstrem vind, bølgehøgde, stormflo, høg vasstand, o.l., jf. pbl. §§ 4-3 og 11-10 nr. 2
- e) Ved utbyggingar som omfattar muddring, utfylling og flytting av masser skal grunntilhøva dokumenterast. Er det påvist eller mistanke om forureina grunn, skal dette undersøkast. Avklaringane skal dokumenterast ved søknad om rammeløyve, jf. pbl. § 11-9 nr. 8
- f) Plan eller søknad om varige eller mellombels tiltak skal leggjast fram for regional kulturminnemynde til uttale før det vert fatta vedtak.

Tilhøve som m.a. kan vere aktuelle å avklare: Grunnforhold, kvikkleire, forureina grunn, rasfare, farlei og naturverdiar/naturmangfald. For reguleringsplanar skal vurderingane vera utført før planen vert send på høyring.

### 3. Føresegner til arealføremål (pbl. § 11-9)

#### 3.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone – (V) (SOSI 6001)

- a) Areal avsett til hovudføremålet kan nyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla med unntak av akvakultur, småbåthamn og -anlegg, jf. pbl. §§ 11-6, 11-7 2. ledd, 11-9 og 11-11
- b) Store delar av planområde er utvandringsrute for villaks frå Nasjonal laksefjord (Osterfjordsystemet). Plan eller tiltak som kan vere til skade eller forringe verdien av dei tilstøytande fjordområda som økologisk funksjonsområde kan ikkje gjerast
- c) Tiltak i dette hovudføremålet skal ha særskild fokus på å fremme allment friluftsliv og rekreasjon i strandsona og på sjøen, jf. pbl. § 11-11, nr. 5
- d) Tiltak eller inngrep som er i konflikt med eller påverkar tryggleiken i høve til natur, friluftsliv, farlei, ferdslø eller fiske er ikkje tillate.
- e) Motorisert sport som medfører ureining, støy eller vesentleg kan redusere områda sine miljø- og naturkvalitetar er ikkje tillate i desse områda, jf. pbl. § 11-11 nr 3

For alle planer og tiltak i sjø som medfører varige og mellombels inngrep i sjøbotnen skal det innhenta løyve/samtykke frå rett mynde som gjer vedtak etter relevant sektorlovverk. Dette gjeld mellom anna for Bergens Sjøfartsmuseum til uttale via Fylkeskommunen og Bergen og Omland Havnevesen.

#### 3.1.1 Ferdslø (FE) (SOSI 6100)

- a) Føremålet er ferdslø som ikkje er gjennomgåande, jf. pbl. § 11-7 nr.3 og 6
- b) I område går ferdslø framfor anna bruk. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til hinder eller til ulempe for ferdslø.

Tiltak etter b) skal avklarast med rett mynde, jf. pbl. § 21-5 og SAK § 6-2.

#### 3.1.2 Ankringsområde (ANK)

- a) Ankrande skip har prioritet innafor desse områda. Tiltak som er i konflikt med ankringsføremålet er ikkje tillate, under dette fortøying av anlegg for akvakultur og utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett3
- b) Ankringsområda kan nyttast til ferdslø, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for ankring, jf. pbl. § 11-11 nr. 3

#### 3.1.3 Farlei (FA) (SOSI 6200)

Areal satt av til hovud- og bifarlei omfattar viktige område for båttrafikk, ferje og kabelferje.

- a) I eller i nærleik av hovud- og bifarlei kan det ikkje gjerast tiltak, etablerast anlegg eller installasjonar som er til hinder, fare eller påverkar tryggleiken for ferdslø til sjøs, jf. pbl. § 11-11, nr. 6 og nr 3
- b) Dersom verknaden for grunntilhøve, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø og straumtilhøve er tilstrekkeleg utgreidd, kan det gjennomførast tiltak utan reguleringsplan. Dette gjeld mellom anna etablering av navigasjonsinstallasjonar og mindre utbetringar av farlei
- c) Plan eller søknad om tiltak som medfører varig eller mellombels inngrep i sjøbotn eller som har (vesentleg) påverknad på omgjevningane, skal leggast fram til rett mynde for uttale før vedtak vert fatta, jf. pbl. § 11-7 nr. 6.



- d) Farleiene kan nyttast til annan ferdsle, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for ferdsle til sjøs.
- e) Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet er tillat, jf. pbl. §§ 1-8, 4. ledd og 11- 11 nr. 4

Området viser farleiene sin arealmessige utstrekning, jf.«Farleiforskrifta». Hovud- og bifarlei er vist med ei stipla line som syner hovudtrafikkretningane. Kystverket har ansvar for farleiene på sjø og installasjonar knytt til desse.

Kystverket kan innanfor desse områda gjere naudsynt vedlikehald, nyinstallasjonar mv som er naudsynte for å trygge ferdsla på sjøen. Dette gjeld også framtidige farleier til nye hamner i planområdet. Tiltak etter c) skal avklarast med rett mynde, jf. pbl. § 21-5, jf. SAK § 6-2.

#### 3.1.4 Hovud- og bilei

Stipla linjer i plankart syner hovud- og bilei. Farleiene er ein indikasjon på farvatnet si tyding som ferdselsåre, men er ikkje ei definert avgrensing av farleia.

#### 3.1.5 Hamneområde i sjø (HOS) (SOSI 6220)

Føremålet er hamneområde i sjø, der tiltak som kan hindre nyttetraffikk og anna hamne-relatert verksemd ikkje er tillate, jf. pbl. § 11-7 nr.6

- i. I hamneområde i sjø kan det ikkje ankrast opp for ein lengre periode enn 2 mnd og området kan ikkje nyttast til fartøy i opplag, jf. pbl. § 11-11 nr 3
- ii. Bruk av vasskuter er ikkje tillate, jf. pbl. 11-11 nr 6

#### 3.1.6 Bøyehamn (BH)

Område merka "ventebøye" kan nyttast til fortøyingsbøyer for skip. Det kan etablerast inntil éi fortøyingsbøye i kvart område, og fortøyingsbøyene skal plasserast midt i sirkelen og fortøyast med bolt (ankerfortøyning vert ikkje tillate) i havbotn innafor føremålsgrensa.

### 3.1.7 Småbåthamn (SH) (SOSI 6230)

- a) Føremålet omfattar eksisterande areal med krav om regulering eller regulerte småbåthamner med anlegg på sjø og land der infrastruktur, tilkomst og organisering er tilrettelagt og gir sikker fortøyning av båtar inntil 40/50 fot, pbl. § 11-7 nr 6.
- i. Bryggjeanlegg og bølgebrytarar skal utformast og plasserast slik at tilstrekkeleg straum av vatn vert sikra for å oppretthalde god vasskvalitet
  - ii. Ved regulering av moloar i stein eller betong skal endring av grunntilhøve, straummønster, vassutskifting og mudderdanning utgreiast, jf. pbl. § 11-9 nr. 8
  - iii. Det skal planleggjast og etablerast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av sterk vind og bølger, jf. pbl. § 11-9 nr. 8
  - iv. Det skal leggjast til rette for fri ferdsle gjennom planområdet
  - v. Naudsynte stengsel for å ta i vare trygghet og sikkerheit i hamneområdet er tillate.
  - vi. Småbåthamner for
    - i. Mindre enn 20 båtplassar skal ha 2 skilta gjesteplassar for båt
    - ii. Meir enn 20 båtplassar skal min. 2 og max. 5 skilta gjesteplassar pr 20 båtplassar. Gjesteplassen skal vera open og tilgjengeleg heile året
  - vii. Alle nye regulerte småbåthamner skal ha allment tilgjengeleg utsetjingsstad for ikkje motoriserte mindre båtar (båtopptrekk eller bryggje)
- b) Reguleringsplan for område skal:
- i. Fastsette småbåthamna si utstrekning både i sjø og på land, samordne behov og gjere greie for mellom anna tilkomst, tekniske anlegg, sørvisbygg og -kai, båtopptrekk, opplagsplass på land med fast dekke og oljeutskiljar, renovasjonspunkt, parkeringsdekning, planeringshøgder og terrenghandsaming, jf. pbl. § 11- 9 nr. 1
  - ii. I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl. §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltak er tillate, med mindre anna går fram av desse føresegnene
  - iii. I kvar plan må det tidleg avklarast om bruken skal avgrensast til spesielle eigedomar, eller om det skal vera eit anlegg for småbåtar av meir ålmann karakter
  - iv. Det skal leggast til rette for allmenn tilgjenge og ferdsle gjennom planområdet
  - v. Minimum 2 stk. og inntil 10% av parkeringsplassane skal vere open og tilgjengeleg for ålmenta heile året

Ved planarbeid skal det avklarast korleis lokalsamfunnet/nærmiljøet sin trong for båtplassar vert ivareteke. Vidare korleis område / areal kan fungere som opphaldsplass og møtestad.

- c) **Eksisterende areal i planområde satt av til føremål småbåthamn med krav om reguleringsplan før det kan godkjennast tiltak, jfr. pbl § 11-9 nr.1**

i. **Alver kommune**

Før utbygging av SH\_07 i Hillesvåg skal KV 10 utbetrast. Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 4.

**Tab. 1. Eksisterende område for småbåthamn med plankrav**

SH_01 Dalstø	SH_27 Iden (Io)	SH_53 Solbergsvika (Flatøy)
SH_02 Vabø Sør	SH_28 Vikebø	SH_54 Nesvågen
SH_03 Sævrås i sjø	SH_29 Vikebøvika	SH_55 Skuthamna
SH_04 Eknes i sjø	SH_30 Mjølkvika	SH_56 Byrkjelandsvågen
SH_05 Feste	SH_31 Skorpesundet Sør	SH_57 Vågenes
SH_06 Myking	SH_32 Skorpesundet Nord	SH_58 Fløholmen
SH_07 Hillesvåg	SH_33 Sætrevika Sør	SH_59 Kobbevågen
SH_08 Sundsbakken	SH_34 Sætrevika Nord	SH_60 Kleivvågen
SH_09 Kjeviktangen	SH_35 Skjelanger	SH_61 Marøystraumen
SH_10 Romarheim	SH_36 Brusundet (Lygra)	SH_62 Hanevika (Sylta)
SH_11 Kløve sjø	SH_37 Husebøvågen Aust	SH_63 Syltevågen
SH_12 Skarsvågen	SH_38 Husebøvågen Vest	SH_64 Stølevika
SH_13 Lauvås)	SH_39 Kårbøvågen	SH_65 Ytstebøvågen
SH_14 Eikanger	SH_40 Lyngnes	SH_66 Vøvika
SH_15 Hindenes	SH_41 Ådland	SH_67 Villanger
SH_16 Hjelmås	SH_42 Ådlandsvågen	SH_68 Norangspollen
SH_17 Alverstraumen	SH_43 Vågseidet	SH_69 Søre Vallersvågen
SH_18 Risasjøen	SH_44 Vaulen	SH_70 Renen
SH_19 Spjeldnessundet	SH_45 Fureskjegget	SH_71 Pøyla
SH_20 Fusnesvika (Lygra)	SH_46 Skarpenesvågen	SH_72 Grunnesundet
SH_21 Kvalvågnes	SH_47 Spjotøyneset	SH_73 Haugstad
SH_22 Fløksand	SH_48 Grasdalsjøen	SH_74 Mjåsundet
SH_23 Eikelandsvika	SH_49 Håøysundet	SH_75 Nordtaule
SH_24 Øpso	SH_50 Flatøyosen	SH_76 Nøtlevågen
SH_25 Io	SH_51 Skitnedalsvika (Flatøy)	SH_77 Kviste
SH_26 Seljevika (Io)	SH_52 Skjeljevikanen (Flatøy)	SH_78 Austmarka (Salsneset)
		SH_79 Solheimsstø

ii. **Masfjorden kommune**

**Tab. 2. Eksisterende område for småbåthamn med plankrav**

Sørsida	Nordsida	Indrefjord
SH_01 Kjekallen	SH_07 Hostelnd	SH_09 Solheim*
SH_02 Hola (Nordkvingo)	SH_08 Nevrevågen	
SH_03 Kvingbakkvegen	SH_31 Skredsvika	
SH_04 Oldervoll (Stillevika)	SH_32 Jonasskjeret	
SH_05 Vardleitet	SH_33 Sagevika	
	SH_34 Grønevika	
* Gjelde både framtidig og eksisterende område (SH_23 + SH_09)		

iii. **Vaksdal kommune**

**Tab.3. Eksisterende område for småbåthamn med plankrav**

Felt navn	Område
SH_01	Boge mølle
SH_02	Kallandsklubben

**iv. Osterøy kommune**

**Tab. 4. Eksisterende område** for småbåthamn med plankrav

Område	Område
SH_01	Hjellvikvågen
SH_02	Tysse Vest
SH_04	Fotlandsvågen
SH_05	Tysse aust
SH_06	Hamnevika
SH_07	Raknesvågen

**v. Gulen kommune**

**Tab. 5. Eksisterende område** for småbåthamn med plankrav

Område	Område
SH_0x	Prestekaia (Eivindvik)

**vi. Fedje Kommune**

Området som er lagt ut til naust og småbåthamn i sjø i Sildevågen, nummerert som 27 i plankartet, skal inngå i reguleringsplanen for utvidinga av feltet Husøyyna, merka som nr 2 i plankartet. Heimel: pbl § 11 9 nr.1.

- d) **Eksisterende areal som i planområde er satt av til føremål småbåthamn utan krav om reguleringsplan før det kan godkjennast tiltak, jfr. pbl § 11-9 nr.1.**

For eksisterende areal satt av til småbåthamn kan det tillatast mindre tiltak etter pbl. §§ 20-1, bokstav f, i, og j 20-4 bokstav a, c 20-5 bokstav a, d, e og g når vilkåra i pkt. 2.1.2 er oppfylt.

**i. Masfjorden kommune**

**Tab. 6. Eksisterende område** for småbåthamn utan plankrav

Område	Maksimal storleik (ink. Utliggjarar, lengd x breidd)	Bruksstatus
SH_11 Hope I (Hopsvågen)	15 x 20 meter	Tatt i bruk
SH_12 Hope II (Hopsvågen)	15 x 20 meter	
SH_13 Liarinden (Juvika)	15 x 20 meter	
SH_14 Liarinden (Ramsvika)	15 x 20 meter	
SH_15 Helletangen	20 x 3 (bølgjedempar / landingsbrygge)	
SH_16 Sveneset	30 x 3 meter	Tatt i bruk
SH_17 Rambjørgsvika	20 x 3 meter	Tatt i bruk
SH_18 Selvågen	20 x 3 meter	Tatt i bruk
SH_19 Haugsdalsvågen	3 x 20 meter	Tatt i bruk
SH_20 Haugsvær (Litlevågen)	3 x 50 meter	Tatt i bruk
SH_21 Haugsvær (Haugane)	20 x 3 meter	
SH_22 Haugsvær (Storhogen)	20 x 3 meter	
SH_23 Solheim	12 x 3 meter (2 stk)	Tatt i bruk
SH_24 Elvika	12 x 3 meter	Tatt i bruk
SH_25 Bogslia	12 x 3 meter	
SH_26 Reknesvågen	12 x 3 meter (2 stk)	
SH_27 Ildalsvika	12 x 3 meter	Tatt i bruk
SH_28 Kvernhusvika	3 x 50 meter	Tatt i bruk
SH_29 Andvik	20 x 3 meter	Tatt i bruk
SH_30 Vikane	20 x 3 meter	

i. **Fedje kommune**

**Tab. 7. Eksisterande område** for småbåthamn utan plankrav

Område	Maksimal storleik (ink. Utliggjarar, lengd x breidd)	Bruksstatus
SH_01 Kyrkjevågen / Husavågen	22 x 10 meter	Tatt i bruk
SH_02 Rognsvågen	22 x 12 meter	Tatt i bruk
SH_03 Sildevågen	12 x 8 meter	Tatt i bruk
SH_04 Stormark	22 x 8 meter	Tatt i bruk

Ved gjennomføring av tiltak skal det leggast vekt på at det gjev ei forbetring av tilhøva i området både på land og i sjø

- **Forbetring** kan vere opprydding av einskild fortøying, betra tilgjenge til sjø for ålmenta, betra samanheng og tilhøve for ferdsle og legg til rette for fellesløysingar
- Tiltak fører ikkje til ei forverring av miljøtilstand eller belastning på omgjevnadane
- **Forverring** kan vere auke i miljøbelastninga ( støy og forureining), negative verknader for nærmiljøet (bygde og naturgjevne omgjevnader, kulturminne både på land og i sjø, verdifull vegetasjon, byrom mm..), redusert tilgjenge eller moglegheit for ferdsle

### 3.1.8 Fiske, (FI) (SOSI 6300)

Bruk knytt til fiske har prioritet, jf. pbl. § 11-7 nr.3

- i. Tiltak som kan hindra fisket skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda, under dette flytebrygger, kaiar, fortøying av anlegg for akvakultur og utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett.
- ii. Områda kan nyttast til ferdsle og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for fiskeri
- iii. Fortøyingar frå akvakulturanlegg kan som utgangspunkt ikkje gå inn i område sett av til fiske (FI), men ved særskilte behov kan det etter søknad gjerast unntak

Arealformålet fiske er kategorisert i 4 bruksområde.

#### a) Fiskeområde (FI)

- i. I område går fiske framfor annan bruk av området. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til hinder eller til ulempe for fiske, jf. pbl. § 11-11 nr 3.
- ii. Unntak frå desse reglane gjeld for omsynssone H190\_2 Heggerneset der «Forskrift om militære forbodsområde i sjø» gjeld fullt ut

#### b) Låsettingsplassar (FI-LÅS)

- i. Føremålet er kaste- og låsettingsplass. Tiltak som kan hindre bruken skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda

#### c) Rekestrål (FI-RT)

- i. Føremålet er trålefelt for reker. Tiltak som kan hindra tråling, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av felta

#### d) Gytefelt eller oppvekstområde for yngel (FI-GY)

- i. Føremålet er gyteområde
- ii. Tiltak som kan hindre gytesuksess skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda

### 3.1.9 Akvakultur (AKV) (SOSI 6400)

Føremålet er område for akvakultur i sjø inkludert vassøyle og sjøbotn. I akvakulturområde går akvakultur framfor annan bruk av området. Tiltak som kan hindra eller forstyrre akvakulturverksemd, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda.

Søknader om tiltak/inngrep på eller i nærleiken av områda, skal leggast fram for rett mynde for uttale før vedtak vert fatta, jf. pbl. §§ 11-7 nr. 6 og 11-11 nr 3 og nr.7

Planen opnar ikkje for tiltak som ikkje er i samsvar med planen. Det kan berre gjevast løyve til tiltak som kan skje utan forverring av miljøtilstand i resipienten/vassførekomsten og for vill anadrom fisk, jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak må heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.

For område Blom (AKV-01) Skaftå (AKV-05), og Øyjordsvika (AKV-06) i Osterøy kommune og lokalitetane Bergsvik (AKV-10) og Barlingebotn (AKV-11) i Masfjorden kommune skal det vera minimalt utslepp av organiske partiklar til resipienten. For lokalitet Blom (AKV-01) gjeld berre kravet til minimalt utslepp av organiske partiklar ved vesentleg endring av eksisterande anlegg (PBL § 11-9, nr.6).

#### a) For akvakulturanlegg i sjø

##### Følgjande gjeld for alle lokalitetar for akvakultur:

- i. Heile anlegget, med forflåte og ev. bustad/service på sjø skal ligge innafør akvakulturføremålet, jf. pbl. § 11-11 nr. 3
- ii. Fortøyingar til akvakulturanlegg:
  - Må ikkje hindre fri ferdsel for mindre fartøy mellom anlegget og land
  - Fortøyingar festa mot land skal festast 15m under lågaste lågvatn
  - Rundt nye (framtidige) område og område som er vesentleg endra er det satt av areal med kombinert formål for fortøying og ferdsle.
  - Fortøyingar kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur (AKV) og tilhøyrande kombinert føremål (VK\_AKVFE) dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk.
  - Når fortøyingane forlater området satt av til akvakultur skal fortøyingane ikkje vere til hinder for ferdsle
- iii. Krav om etablering av landstraum skal nyttast der infrastrukturen er på plass for dette
- iv. Uavhengig av plan skal alle nye eller endra anlegg/tiltak dokumentere at omsyn til naturfare og særskilt ras og skred er vurdert og tatt omsyn til, jf. TEK17. Sjå elles pkt. 4.1.2 a).

Følgjande gjeld ved etablering av nye lokalitetar eller vesentleg endring for akvakultur:

- Med vesentleg endringar meinast mellom anna større utviding av anlegg, (areal, skifte av type anlegg og skifte av art, jf. pbl. § 11-9, nr. 4
- Dersom omfang, funksjon og verknad er av eit slik art at det er behov for samordning kan det vurderast om det skal utarbeidast reguleringsplan før tiltak kan setjast i verk, jf. pbl. §§ 1.1, 3.1 og 11-9 nr. 1

b) Arter (Fisk, skalldyr, tang og tare)

- i. **Tab.8. Lokalitetar** i sjø der det kan vere tillate med oppdrett av artene Laks (L), Regnbogeaure (RA), Aure (A), jf. pbl. § 11-11 nr. 7. For kvart KPA ID er det spesifisert kva art som er tillate.

	KPA ID	Lokalitet		Art	Vassførekomst Fjordområde i plan/KU	
Alver	4631-AKV-01	31497	Toska N	L / RA / A	Hellosen	
	4631-AKV-02	11652	Kjeppevikholmen	L / RA / A	Herdlefjorden Nordre	
	4631-AKV-03	11649	Stolane	L / RA / A	Radfjorden	
	4631-AKV-04	11665	Jibbersholmane	L / RA / A	Kvolmosen - Villangsosn	
	4631-AKV-05	11690	Grasholmen	L / RA / A	Radfjorden	
	4631-AKV-06	11738	Otterholmen	L / RA / A	Hellosen	
	4631-AKV-07	13870	Eikebærånæ	L / RA / A	Osterfjorden	
	4631-AKV-08	13874	Fyllingsnes S	L / RA / A	Osterfjorden	
	4631-AKV-9	14018	Toska S	L / RA / A	Mangersfjorden	
	4631-AKV-10	19655	Ospeneset	L / RA / A	Austfjorden	
	4631-AKV-11	26295	Langøy	L / RA / A	Fensfjorden	
Austrheim	4632-AKV-01	30559	Øksneset	L / RA / A	Børildosen - Åråsvågen	
	4632-AKV-02		Senoksen			
	4632-AKV-03		Øksnesmarka		Børildosen - Åråsvågen	
Fedje	4633-AKV-01	11771	Grisholmsundet	L / RA / A	Nordre Ålen - Nordosen	
	4633-AKV-02	11772	Moldøyosen	L / RA / A	Nordre Ålen - Nordosen	
	4633-AKV-03		Hjeltevarden	L / RA / A	Nordre Ålen - Nordosen	
Gulen	4635-AKV-01	10078	Mjånes	L / RA / A	Nyhammarsundet	
	4635-AKV-02	11653	Mjølbærvika	L	Kvitnesosen	
	4635-AKV-03	11657	Gråvika	L / RA / A	Ånnelandssundet-Ytre	
<b>SLETT</b>	<b>4635-AKV-04</b>	<b>11684</b>	<b>Djupevika I</b>	<b>L / RA / A</b>	<b>Gulafjorden</b>	
	4635-AKV-05	11689	Kjerringneset	L / RA / A	Gulafjorden	
	4635-AKV-06	11700	Storeneset	L / RA / A	Brandangersundet	
	4635-AKV-07	11749	Bårøy	L / RA / A	Kvitnesosen	
	4635-AKV-08	12978	Lyngholmen	L / RA / A	Nyhammarsundet	
	4635-AKV-09	13236	Indre Oppedal	L / RA / A	Sognefjorden	
	4635-AKV-10	13340	Leiholmane	L / RA / A	Kvitnesosen	
	4635-AKV-11	13643	Hjartholm	L / RA / A	Sognefjorden	
	4635-AKV-12	17576	Nesevågen	L / RA / A	Røytingsosen	
	4635-AKV-13	32518	Kuøyna	L / RA / A	Sognesjøen	
	4635-AKV-14	34397	Hyseneset	L / RA / A	Ånnelandssundet-Ytre	
	4635-AKV-15	38217	Hardbakkneset	L / RA / A	Sognesjøen	
	4635-AKV-16		Grima	L / RA / A		
	4635-AKV-17		Stavsneset	(L / RA / A)	Folefotsundet	
	4635-AKV-27		Ytre Hjartholm	L / RA / A	Sognefjorden	
	4635-AKV-28		Sætre		Sognefjorden	
Masfjorden	4634-AKV-01	12154	Smørdalen (HI)	L / RA / A	Masfjorden	
	4634-AKV-02	13567	Knappen Solheim (HI)	L / RA / A / T	Masfjorden	
	4634-AKV-03	11644	Duesund (og TARE)	L / RA / A	Sandesosen	
	4634-AKV-04	13699	Leirvika (og TARE)	L / RA / A	Austfjorden	
	4634-AKV-05	13704	Vikane	L / RA / A	Austfjorden	
	4634-AKV-06	30196	Ådnekvamme	L / RA / A	Masfjorden	
	4634-AKV-07	34657	Laberget	L / RA / A	Austfjorden	
	4634-AKV-10		Bergsvik	L / RA / A	Masfjorden	
	4634-AKV-11		Barlingebotn	L / RA / A	Masfjorden	
	Osterøy	4630-AKV-01	12156	Blom	L / RA / A	Sørfjorden
		4630-AKV-02	13563	Angelskår	L / RA / A	Sørfjorden
4630-AKV-03		13644	Tepstad	L / RA / A	Osterfjorden	
4630-AKV-04		13876	Litletveitholane	L / RA / A	Sørfjorden	
4630-AKV-05		18898	Skaftå	L / RA / A	Sørfjorden	
4630-AKV06			Øyjordvika	L / RA / A	Sørfjorden	



- ii. **Tab.9 I følgjande områder/lokaltetar** er det tillat med oppdrett av regnbueaure (RA), aure (A), og torsk (T) jf. pbl. § 11-11 nr. 7. For kvart KPA ID er det spesifisert kva art som er tillate.

	KPA ID	Lokalitet		Art	Vassførekomst Fjordområde i plan
Alver	4631-AKV-12	13566	Storskrebukti	RA	Hindnesfjorden
Austrheim	4632-AKV-03	37637	Trøvika	T	Hjeltefjorden Nordre
Masfjorden	4634-AKV-02	13567	Knappen Solheim (HI)	T	Masfjorden

- iii. **Tab.10 I følgjande områder/lokaltetar** er det tillat med oppdrett av dei ikkje-intensive artane Blæretang (BL), Butare (BT), Fingertare (FT), Grisetang (GT), Grønsekkdyr (GSD), Havsalat (HS), Krusflik (KF), Stortare (ST), Sukkertare (SU), Søl (SØ), Sekkdyr (SD), Vanlig Fjærehinne (VFH), jf. pbl. §11-11 nr.7. For kvart KPA ID er det spesifisert kva art som er tillate.

	KPA ID	Lokalitet		Art	Vassførekomst Fjordområde
Alver	4631-VK-FEAKV-1			BL, BT, FT, GT, HS, ST, SU, SØ	Radfjorden
	4631-VK-FEAKV-2			BL, BT, FT, GT, HS, ST, SU, SØ	Radfjorden
Gulen	4635-AKV-18	11737	Skorpa	BL, BT, FT, GT, HS, ST, SU, SØ	Kvitnesosen
	4635-AKV-19	37917	Brattøyna	BT, FT, HS, KF, SU, SØ, VFH	Kvitnesosen
	4635-AKV-20	38117	Leirøyna	BL, BT, FT, GSD, ST, SU, SØ	Ånnelandssundet
	4635-AKV-21	38137	Flatøyna	BL, BT, FT, GT, GSD, ST, SU, SØ	Kvitnesosen
	4635-AKV-22	38157	Kjeneset	BL, BT, FT, GT, GSD, ST, SU, SØ	Røytingsosen
	4635-AKV-23	39557	Sørestrand	BT, FT, VFH, GT, HS, SU, SØ	Røytingsosen
	4635-AKV-24	39817	Svartholmen	BT, FT, ST, SU, SØ, SD	Sognesjøen
	4635-AKV-25	45071	Vatnøy	BL, BT, FT, GT, HS, ST, SU, SØ	Kvitnesosen
	4635-AKV-26		Straumøyna	BL, BT, FT, GT, HS, ST, SU, SØ	
Masfjorden	4634-AKV-03	11644	Duesund	BT, FT, HS, ST, SU, SØ	Sandesosen
	4624-AKV-04	13699	Leirvika	BT, FT, HS, ST, SU, SØ	Austfjorden

- iv. **Tab.11 I følgende områder/lokaliteter** er det tillat med produksjon av yngel og smolt av laks (L), regnbueaure (RA) og aure (A), samt Havforskningsinstituttet (HI) på Matre. For hvert KPA ID er det spesifisert kva art som er tillate.

	KPA ID	Lokalitet		Art	Vassførekomst
Alver	4631-AKV-13	10076	Rydlandsvåg	L/RA/A	Rydlandsvatnet Roslandspollen
Gulen	4635-AKV-25	13654	Instefjord	L/RA/A	Storelva Risnesfjorden
	4635-AKV-26	45030	Rørvikneset I	L/RA/A	Brandangersundet
Osterøy	4630-AKV-07	28516	Saltverket	L/RA/A	Fotlandsvågen
Masfjorden	4634-AKV-08	10156	Matredal (HI)	Mange	Masfjorden
	4634-AKV-09	13482	Kvinge S	L/RA/A	Sørkvingevatnet

For å ta områda i bruk til akvakultur vert det satt krav om løyve etter akvakulturloven. Andre aktivitetar kan skje fritt i området så lenge dei ikkje kjem i konflikt med planføremålet.

c) Særskilt for desse akvakulturlokalitetane gjeld

- i. Krav om rekkjefølgje og andre omsyn
  - a. Alver (omstrukturering)
    1. Før endringane på lokalitetane Stolane (AKV-03) og Grasholmen (AKV-05) i Radfjorden kan takast i bruk, må drift på lokalitetane Bognøy (L.nr xx) og Ramsvika (L.nr xx) avsluttast og vere sletta frå akvakulturregisteret
  - b. Austrheim (omstrukturering)
    1. Før lokaliteten Senoksen (AKV-02) kan takast i bruk, må drift på lokalitetane Allersholmen (L.nr xx) og Bøøyna (Alver) (L.nr xx) avsluttast og vere sletta frå akvakulturregisteret.
  - c. Masfjorden (omstrukturering)
    1. Før akvakulturområde ved Vikane (AKV-05) i Austfjorden kan takast i bruk, må drift på lokaliteten Rekeviki (L.nr xx) i Alver avsluttast og vere sletta frå akvakulturregisteret. Vidare må lokaliatar som ikkje er i bruk, Øverås (L.nr xx), Nesbø (L.nr xx) og Likulten (L.nr xx) vere sletta som lokalitet frå akvakulturregisteret
    2. For lokalitet Bergsvik (AKV-10) og Barlingebotn (AKV-11) gjeld at desse lokalitetane berre kan nyttast til testing av nye tekniske løysningar for redusert utslepp frå anlegg og sjukdomsførebygging, jf. pbl § 11-9, nr. 6. Sjå også pkt 3.1.9.
  - d. Osterøy
    1. For endringar eller utviding av anlegget på lokalitet Blom (AKV-01) skal det takast særleg omsyn til kulturmiljøet i nærliggande område, jf. pbl § 11-9, nr. 6
    2. For lokalitet Øyjordvika (AKV-06) gjeld at denne lokaliteten berre kan nyttast til testing av nye tekniske løysningar for redusert utslepp frå anlegg og sjukdomsførebygging, jf. pbl § 11-9, nr. 6. Sjå også pkt 3.1.9.

### 3.1.10 Naturområde (NO) (SOSI 6600)

#### a) Føremålet er marine naturområde i sjø og vassdrag (NSV)

I område går naturomsyn framfor annan bruk av området og det er ikkje tillate med tiltak og inngrep som direkte eller indirekte kan forringe naturverdiane, jf. pbl. § 11-11 nr 3

- i. Dyreliv knytt til sjøbotn og vassøyra og vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, skal ikkje utsetjast for skade og øydelegging
- ii. Ved fare for skade på naturområde kan all bruk og utnytting påleggast restriksjonar.
- iii. Det skal ikkje etablerast ulike type anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller mellombels innretningar, samt foreta muddring, uttak og deponering av masse, sprenging under vatn eller boring i området
- iv. Utslepp av avlaupsvatn, annan konsentrert forureining og utslepp av kjølevatn frå land skal først ut av område

Ein kan likevel etablere mindre fortøyingfeste for småbåt, (som fast- og dragfortøying), hauste av viltlevande marine resursar, utøve jakt og fangst i samsvar med havressurslova og mellom anna lakse- og innlandsfiske-lova samt gjere drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar

### 3.1.11 Friluftsområde (FV) (SOSI 6700)

I områder satt av til friluftsliv går friluftsliv framfor annan bruk og inngrep som kan forringe området eksisterande tilstand og verdi vert ikkje tillate, jf. pbl §11-11 nr. 3.

- i. I samråd med plan- og bygningsmyndigheten og lokal fagavdeling for friluftsliv kan områda leggjast til rette for ålmenta
- ii. Avlaupsvatn og andre konsentrerte forureiningstilførselar kan ikkje leggjast i området og eksisterande utslepp frå land må først ut av området.

#### a) Friluftsområde i sjø og vassdrag

Føremålet er friluftsområde i sjø der ålmenta sin bruk og friluftsliv har prioritet. Tiltak som fremjar friluftslivet i sjø er tillate og skal prioriterast.

- i. I friluftsområdet i sjø kan det ikkje etablerast tiltak, jf. pbl. §11-11 nr 3. Unntak gjeld for universelt utforma bade plass/badebrygge og liknande ålmennyttige tiltak som ikkje kjem i konflikt med føremålet
- ii. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med friluftssinteressene er ikkje tillate.
- iii. Bruk av vasskuter er ikkje tillate, jf. pbl. § 11-11 nr 6

#### b) Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Føremålet er friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og tilhøyrande anlegg som til dømes gapahuk, grillplass, mindre brygge og anna som naturleg fell inn i føremålet, jf. § 11-7, nr. 6

- i. Det kan gjerast enkle tilretteleggingar av område for å betre tilgjenge for ålmenta. Sprenging, utfylling o.l. i sjø er ikkje tillate, pbl. §11-9, nr.6

c) For desse friluftsområda gjeld særskilt:

**KPA Osterøy, kap. 6, pkt. 6.14 – 6.23** (planID 1253-2010001, 24.6.2019, sak 001/19)

- i. Føremålet er friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og tilhøyrande anlegg som til dømes gapahuk, grillplass, mindre brygge og anna som naturleg fell inn i føremålet (PBL § 11-7, nr. 6)
- ii. Det kan gjerast enkle tilretteleggingar av område for å betre tilgjenge for ålmenta. Sprenging eller utfylling i sjø er ikkje tillate (PBL § 11-9, nr.6)
- iii. Område VFR9 Kleiveland kan nyttast til parkering, gangveg, rasteplass, flytebrygge, sanitæranlegg med toalett, vask og dusj (PBL § 11-9, nr. 3)
- iv. For område VFR9 Kleiveland gjeld også:
  - Det skal gjennomførast vurdering av skredfare før det kan gjerast tiltak i området jamfør §1.9. Arbeidet skal gjennomgå sidemannskontroll. Det er krav til relevant fagkompetanse for utarbeiding av rapport for skredfarevurdering, utarbeiding av skredfarekart og for sidemannskontroll (PBL § 11-9, nr. 4)
  - Det skal ved søknad om løyve til tiltak ligga føre situasjonsplan i 1:500 som syner teltplass, sanitærbygg, rasteplass, bålplass, flytebrygge mm. Parkeringsplassar skal visast på eigen situasjonsplan. Oversiktsplan for heile situasjonen skal visast i eigna skala. Teltplass og sanitæranlegg må plasserast utanfor område for kartlagt skredfare (PBL § 11-9, nr. 6, § 11-11, nr. 4)
  - Det skal etablerast parkeringsplass med minimum 4 biloppstillingsplassar ved kommunal veg før friluftsområdet kan takast i bruk. Prosjektering og utførande for etablering av parkeringsplass er plassert i tiltaksklasse 3. Prosjektering må ha eit særskild fokus på flaum i nærliggande vassdrag (PBL § 11-9, nr. 5)
  - Det skal i område langs elv nyttast som gangveg. Det er ikkje tillate med motorkøyrety som ikkje er knytt til landbruksdrift på eigedomen (PBL § 11-9, nr.3)
  - Eksisterande kai og naust kan innan føremålet setjast i stand og vedlikehaldast. Ved naturskade eller annan skade på bygningane eller kai kan desse setjast opp att i likt uttrykk, material og volum (PBL § 11-11, nr. 4)
  - Eksisterande ventebu på kai og eksisterande kai kan pussast opp og setjast i stand (PBL § 11- 11, nr. 4)
  - Det kan det etablerast flytebrygge innan føremålet, på innsida av eksisterande kai inn mot nausta. Maksimal lengde 12 m og maksimal breidde 3 m. Det kan ikkje etablerast fysisk stengsel som hindrar allmenn ferdsel på denne (PBL § 11-9, nr. 5)
  - Det kan oppførast frittstående bygg for toalett og vask på inntil 15 m<sup>2</sup> og 3,5 m mønehøgde. Bygget skal etablerast i bakkant av eksisterande naust. Bygget skal ha trekledning i naturfarge og nøytralt farga takmateriale (PBL § 11-9, nr.6, § 11-11, nr. 4)

d) Badeområde (VBAD)

Føremålet er friluftsområde – badeområde (merka FB) med naudsynt parkering, tekniske anlegg og servicebygg, jf. pbl. § 11-7 nr. 6

- i. I område FB8 (Myking) kan det tillatast bygging av molo utan krav til reguleringsplan for å skjerma stranda, jf. pbl. § 11-11 nr. 3 (Alver)

### 3.1.12 Område med kombinerte føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VK) (SOSI 6800)

Sjøareal som er merka med påskrift natur (NO), ferdsle (FE), fiske (FI), friluftsliv (FV) og fortøyingsområde (AKV) i ulike kombinasjonar er å rekne som allmenne fleirbruksområde.

- i. Tiltak eller inngrep i konflikt med desse er ikkje tillate.
- ii. Samfunnsnyttige tiltak knytt til infrastruktur kan etter godkjenning gjerast.
  - Utlegging og vedlikehald av sjøleidning for vatn, avlaup, straum- og telenett mv.,.
  - Utdjupingar av farlei (omfattande arbeid kan vere reguleringspliktig)
- iii. Allmenntiltak som fremmer bruk av området kan etter godkjenning gjerast
  - Tiltak kan vere mindre kai og brygge,
- iv. Avklaring gjennom godkjenning frå rett mynde er naudsynt

#### a) Kombinert føremål fiske og ferdsle (VK\_FAFI)

I områda sett av til kombinerte føremålet farlei og fiske kan fiske utøvast så lenge det ikkje er til hinder for gods- og nyttetraffikk.

#### b) Kombinert formål natur og friluftsliv (VK\_NOFV)

I områder rundt utløpet av anadrome vassdrag satt av til kombinert formål natur (NO) og friluftsliv (FV), vert det ikkje løyve til tiltak eller inngrep som nemnt i pbl. § 20-1, men:

- i. Forbodet gjelder ikkje tilrettelegging for allmenne friluftssinteresser
- ii. Forbodet gjelder ikkje vedlikehald eller oppgradering av hamneinfrastruktur, som tilgang til molo for å kunne foreta reparasjonar på eksisterande bygg. Avbøtande tiltak må alltid vurderast.

#### c) Kombinert føremål VK\_NOFI

Innafor området ligg to bandleggingsoner for naturvern (H720). Tradisjonelt fiske og naturvern er sidestilt innafor området. Ved fare for skade på naturområde kan all bruk og utnytting påleggast restriksjonar, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.

#### d) Kombinert formål VK\_HOSAKV

Innanfor området kan det etablerast anlegg for akvakultur i sjø. Området ligg i direkte tilknytning til hamneområde (HAMN 2040) mot land ved Øksneset i Austrheim kommune. Det er krav om detaljplan før ein kan gjennomføre tiltak.

#### d) Kombinert føremål – Ferdsel og Akvakultur (Tare) – VK\_FEAHV

Innanfor området kan det drivast tareanlegg.

#### e) Kombinert formål – Fortøyingsområde (AKV), Farlei, Ferdsle, Fiske eller Natur VK\_FAAHV / VK\_FEAHV / VK\_FVFAFINO

Området med kombinert formål farlei/ferdsle og akvakultur (fortøyning) rundt areal avsett til overflateanlegg for akvakultur (AKV). I området tillatast utlegging av fortøyningar etablert i AKV- området, men kan ikkje vere til hinder for farleia. Generell ferdsle kan skje inntil 20m frå overflateanlegget, jf. pbl. § 11-11, nr. 3 og 6 a).

Temakart over fiskeriaktivitet, økologi og friluftsliv skal leggjast til grunn for vurdering av arealdisponeringar i fleirbruksområde. Omsynet til oppvekstområde bør tilleggast vekt i konfliktsaker.

### 3.2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (SOSI 2001)

#### 3.2.1. Hamn (H) (pbl. § 11-7, nr.2) (SOSI 2040)

Det skal ikkje etablerast anlegg, fortøyingar, kablar mv som på nokon måte kan gjere bruken av hamneområde vanskeleg, jf. pbl. § 11-11 nr. 6.

Planlegging og utbygging av hamneområde skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand, jf. pbl. §11-10 nr. 2.

#### a) Framtidige større hamneutbyggingar

Større tiltak knytt til moloar, utdjupeingar, kaier, småbåthamn mv kan berre gjennomførast i tråd med vedtatt reguleringsplan. Reguleringsplan skal mellom anna fastsette utstrekning både i sjø og på land, og omfatte tilkomst, servicebygg, opplagsplass på land med fast dekke, renovasjonspunkt og parkering.

#### b) Det kan etter godkjenning gjennomførast tiltak innanfor føremålet utan reguleringsplan.

Tiltaka må vere i tråd med føremålet og vere av offentleg og allmennyttig karakter:

- i. Mindre utviding av eksisterande kaier og moloar
- ii. Nybygging av mindre kaier
- iii. Utlegging av flytebrygger inntil 12m lengde, maksimalt 9 liggjeplassar
- iv. Mindre utfyllingar jf. pbl. § 11-10 nr.3

Havne- og farvannsloven har eigne føresegn om planlegging og drift av hamner. Fiskerihamner bygd av Staten ved Kystverket er primært for bruk til fiskeriformål. Det vert vist til Kystverket for oversikt over fiskerihamner.

- o Leggjast ut sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett samt røyrleidningar for olje og gass, jf. pbl. § 11-11 nr. 3

### 3.3. Busetnad og anlegg (SOSI 1001)

#### 3.3.1. Råstoffutvinning (RU) (SOSI 1200)

##### a) Uttak av skjelsand

Uttak av skjelsand kan gjerast innanfor område satt av til råstoffutvinning i sjø. Utnytting av denne ressursen kan gjerast innanfor rammene gjeve i «Lov om undersjøiske naturforekomster». Vestland fylkeskommune har, etter søknad, mynde til å gje konsesjon med rammer for bruk og utnytting av områda.

**Tab. 12. Område for råstoffutvinning – Skjelsand (RU)**

Kommune		Feltnamn (plankart)	Lokalitetsnamn	Konsesjon (pr.01.01.2023)
Gulen	4635	RU_01	Kversøy	Gitt
Gulen	4635	RU_02	Bustenakken	Gitt
Gulen	4635	RU_03	Svartskjerosen	Gitt
Gulen	4635	RU_04	Kvernøya	Gitt
Alver	4631	RU_01	Bøøyyna	
Austrheim	4632	RU_01	Lyngoksen	
Fedje	4633	RU_01	Mågåyosen	

#### 3.3.2. Andre typar bygg og anlegg (ABA) (SOSI 1500)

a) For eksisterande areal satt av til **småbåtanlegg**, jfr. pbl § 11-9 nr.1, kan det tillatast mindre tiltak utan reguleringsplan etter pbl. §§ 20-1, bokstav f, i, og j 20-4 bokstav a, c 20-5 bokstav a, d, e og g når vilkåra i pkt. 2.1.2 er oppfylt og:

- Føremålet omfattar småbåtanlegg med tilhøyrande anlegg
- I tilknytning til område for småbåtanlegg kan det byggjast tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass, parkering o.l. på land når tilkomst er sikra
- Ved planlegging eller etablering av tiltak skal det gjerast naudsynte tiltak som sikrar at småbåtanlegga ikkje vert råka av naturskade
- Område for småbåtanlegg kan byggjast ut med mindre anlegg, slik det går fram av tabellane under, utan krav til reguleringsplan
- Tiltak som er fremmer fellesløyising prioriterast.

##### i. Alver kommune

**Tab.13. Område for småbåtanlegg utan krav til reguleringsplan**

Feltnamn	Område	Storleik med utliggar (maks)	Bruksstatus
ABA_104	Vikanes Vest		Tatt i bruk
ABA_106	Vikanes Aust		Tatt i bruk
ABA_4	Bjørsvik		Tatt i bruk
ABA_107	Ådnevik		Ikkje tatt i bruk
ABA_108	Grønholmen		Tatt i bruk
ABA_109	Heltveit		Tatt i bruk
ABA_6	Søre Askeland		Ikkje tatt i bruk
ABA_110	Myking		Ikkje tatt i bruk
ABA_111	Kvamsvågen		Tatt i bruk
ABA_112	Bergfjord		Tatt i bruk
ABA_14	Romarheim	15 x 3 meter	Ikkje tatt i bruk
ABA_24	Øvrås	10 x 3 meter	Ikkje tatt i bruk
ABA_25	Eidsnes	30 x 10 meter	Tatt i bruk
ABA_28	Hinden	15 x 10 meter	Tatt i bruk



**ii. Modalen kommune****Tab.14. Område for småbåtanlegg** utan krav til reguleringsplan

Feltnamn	Område	Storleik med utliggar (maks)	Bruksstatus
ABA_01	Nøttveit Nord		Ikkje tatt i bruk
ABA_02	Nøttveit Sør		Ikkje tatt i bruk

**iii. Osterøy kommune**

- For område ABA4 Bruvik kan det etablerast 1 fellesbrygge for å sikre tilflot (PBL § 11-9, nr. 5).
- I område BKB2 Hoshovde (Helldal) skal det etablerast småbåtanlegg, felles lagringsbodar og felles tilflotsbrygger, naust, mindre skjerming for bølger og friområde. Føremålet er å sikre fleire småbåtplassar, badeområde og tilkomst til sjø. God landskapstilpassing og fellesskapløysingar skal ha eit særskild fokus.
- I alle føremål avsett til brygge eller kai, arealområder ABA som går ut i sjø, er byggegrense lagt til føremålsgrrensa(PBL §§ 1-5, 1-8)

**Tab.15. Område for småbåtanlegg**, i sjø og utan krav til reguleringsplan i Osterøy

Feltnamn	Område	Storleik med utliggar (maks)	Tatt i bruk
F_ABA4	Bruvik (Kyrkje)	8 x 3 meter	
ABA41	Viknabukta	5 x 2 meter	
ABA7	Hausvika	5 x 2 meter	
ABA11	Jovika (Hamre)	5 x 2 meter	
ABA13	Hjellvikvågen (Vest)	5 x 2 meter	
ABA15	Hjellvikvågen (Aust)	5 x 2 meter	
ABA10	Hamre Prestegård	5 x 2 meter	
ABA19	Hjellvikvågen (Nordaust)	5 x 2 meter	
ABA21	Raknesvågen (Utsikten)	5 x 2 meter	
ABA42	Raknesvågen (Aust)	5 x 2 meter	Tatt i bruk
ABA23	Raknesvågen (Nordvest)	5 x 2 meter	
F_ABA26	Raknesvågen (Sørvest)	8 x 3 meter	
ABA27	Raknes (Johannen)	5 x 2 meter	Tatt i bruk
F_ABA29	Raknes (Johannen)	8 x 3 meter	
F_ABA33	Saltverket/Fotlandsvåg	8 x 3 meter	
ABA34	Fotlandsvåg	5 x 2 meter	Tatt i bruk
ABA37	Bernesvika	5 x 2 meter	

**iv. Gulen kommune****Tab.16. Område for småbåtanlegg** utan krav til reguleringsplan

Feltnamn	Område	Storleik med utliggar (maks)	Bruksstatus
ABA_17	Brekke (Nord)		Tatt i bruk
ABA_18	Brekke (Sør)		Tatt i bruk
ABA_19	Dalsøyra (Ved butikk)		Tatt i bruk
ABA_37	Eivindvik (Solodden)		Tatt i bruk

**v. Masfjorden kommune****Tab.17. Område for småbåtanlegg** utan krav til reguleringsplan

Feltnamn	Område	Storleik med utliggar (maks)	Bruksstatus
ABA_01	Giljane		Ikkje tatt i bruk

- b) For eksisterende areal satt av til **småbåtanlegg (ABA)**, er det krav om reguleringsplan før tiltak kan gjerast jfr. pbl § 11-9 nr.1

**i. Alver kommune**

**Tab.18. Område for småbåtanlegg med krav til reguleringsplan**

Feltnamn	Område	Storleik med utliggar (maks)	Bruksstatus
ABA_01	Nordre Trongholet		Tatt i bruk
ABA_02	Festevågen		
ABA_03	Nappevika		Ikkje tatt i bruk
ABA_05	Rydland		Tatti bruk
ABA_07	Gardvika		Tatt i bruk
ABA_09	Sauvågen		Ikkje tatt i bruk
ABA_15	Tveitastø		
ABA_16	Molvik		Ikkje tatt i bruk
ABA_20	Nesse		Tatt i bruk

**ii. Gulen kommune**

**Tab.19. Område for småbåtanlegg med krav til reguleringsplan**

Feltnamn	Område	Storleik med utliggar (maks)	Tatt i bruk
ABA_01	Kjeppsvika Nord		Ikkje tatt i bruk
ABA_02	Furnessundet		Ikkje tatt i bruk
ABA_16	Dalsøyra (Myrsvika)		Ikkje tatt i bruk
ABA_20	Fivelsdal		Ikkje tatt i bruk
ABA_39	Eivindvik (Sandalkaia)		Tatt i bruk
ABA_40	Eivindvik (Kyrkjeneset)		Tatt i bruk

a) **Private flytebrygger og båtfeste**

Det er ikkje krav om reguleringsplan for private flytebrygge og båtfeste. Fellesanlegg vert prioritert ved ei samla vurdering. Det kan tillatast mindre tiltak etter pbl. §§ 20-1, bokstav f, i, og j 20-4 bokstav a, c 20-5 bokstav a, d, e og g når vilkåra i pkt. 2.1.2 er oppfylt og:

i. **Med arealføremål nr.1 - Busetnad og anlegg**

I sjøareal direkte knytt til eksisterande bygningar og eigedom (tomter) (bustad, fritidsbustad, naust, næring) kan flytebrygge og båtfeste etablerast når vilkåra i iii) er oppfylt

ii. **Med arealføremål nr.5 - Landbruk, natur, friluftsliv og reindrift**

a. I sjøareal direkte knytt til landbrukseigedom/gardsbruk kan flytebrygge og båtfeste etablerast når vilkåra i iii) er oppfylt i tråd med LNF-føremålet

b. I sjøareal knytt til etablerte friluftsområde (sjø og land) kan det gjennomførast tiltak som fremmer føremålet og ålmenta sin bruk av område når vilkåra i iii) er oppfylt

iii. **Flytebryggjer, båtfeste og tilhøyrande anlegg skal i søknad/situasjonsplan syne at:**

a. Tiltak er i tråd med kommuneplanen sine føresegner og retningslinjer

b. Omsynet til ferdsle, friluftsliv eller ålmenta sin bruk av området vert teken i vare

c. Naudsynt tilgjenge, parkering mm. er sikra

d. At utføring er nøktern og ikkje verkar dominerande

e. At etablering kan skje utan store, irreversible terrenginngrep

f. At brygge med fast fundament kan førast opp i tre eller naturstein med inntil 4m lengde (målt frå naust) og 2m breidde, jf. §11-9, nr. 5

g. Bryggjefront utførast i tre, stein og/eller betong og pir ikkje vert breiare enn 2m

h. At brygge for tilkomst kan vera brygge med fast fundament eller flytebrygge

Ved gjennomføring av tiltak skal det leggast vekt på at det gjev ei forbetring av tilhøva i området både på land og i sjø

- **Forbetring** kan vere opprydding av einskild fortøying, betra tilgjenge til sjø for ålmenta, betra samanheng og tilhøve for ferdsle og legg til rette for fellesløysingar
- Tiltak fører ikkje til ei forverring av miljøtilstand eller belastning på omgjevnadane
- **Forverring** kan vere auke i miljøbelastninga ( støy og forureining), negative verknader for nærmiljøet (bygde og naturgjevne omgjevnader, kulturminne både på land og i sjø, verdifull vegetasjon, byrom mm..), redusert tilgjenge eller moglegheit for ferdsle

## 4. Omsynssoner (pbl. § 11-8)

### 4.1. Omsynssoner

Omsynssoner er eit verktøy som ikkje regulerer arealbruken men som gjev rammer for å sikre at det vert teke omsyn til konkrete interesser som t.d. fareområde, kulturminne, friluftsliv m.m.

#### 4.1.1. Støysone (210, 220, 230, 290)

- a) Ved søknad om tiltak og bruk som kan føre med seg støy og som ligg under 500 m frå støyfølsam busetnad som definert i T1442/2021 og rapport «Kartlegging av støy frå akvakulturanlegg i sjø», skal det leggast vekt på støyutredning og dokumentasjon av kva avbøtande tiltak som skal redusere støyulempen for busetnad eller viktige friluftsområde, jfr pbl § 11-9, nr 6.
- b) **Støysoner**  
Rød sone (H210), Gul sone (H220) og Grøn sone (H230), ihht. T1442. Det vises til føresegn som angitt i kommuneplanen arealdel til den einskilde kommune. Sjå elles pkt.2.3.1.
- c) **Andre støysoner**  
Denne støysona gjeld andre støykjelder (H290) og er i denne samanheng knytt til industriområde på Skipavika. Verksemd i området skal tilfredsstillende forskriftsfesta krav og gjeldande rettleiar. Gjeld i høve til sjøareal så langt det passer.

#### 4.1.2. Faresone (pbl. § 11-8 a)) (310, 320, 350, 370, 380,)

- a) **Ras- og skredfare (H310)**  
Sona gjer synleg både potensielle utløyings- og utlaupsområde for snøskred, steinsprang eller jordskred. Før tiltak innan for omsynssona bør det vurderast utarbeiding av reguleringsplan. Uavhengig av utarbeiding av reguleringsplan og ved søknad om tiltak etter pbl. §§ 20-1 bokstav a, b, d, g, j, k, l og m samt 20-2 bokstav b og c, skal det gjerast ei vurdering av risiko for ras. Dette gjeld og for flytande akvakulturanlegg, jf. TEK17

Vurderinga skal omfatta både potensielle utløyings- og utlaupsområde og det skal nyttast geologisk/fagkyndig kompetanse. Dersom det vert avdekket risiko, må tilstrekkeleg sikkerheit mot ras eller skred dokumenterast før det kan gjevast løyve til tiltak.

Faresone for steinsprang-, skred- og jordflaumfare og snøskredfare (H310) som synt i kartet er framstilt ut i frå teoretiske aktsemdkart frå NGU og NVE, men følgjer ikkje desse nøyaktig. Kjeldekarta er dat. 28.05.2021 (jord- og flaumskred), 31.05.2021 (steinsprang) og 18.06.2021 (snøskred).

- b) **Flomfare (H320)**

Sona gjer synleg potensiell fare for flom og mogleg område i sjø der til dømes brygger og småbåtanlegg kan ta skade ved flom

**Tab.20. Område med flomfare**

Kommune	Feltnamn	Område
Vaksdal	H_320-1	Eidslandet
Vaksdal	H_320-2	Dalevågen
Vaksdal	H_320-3	Hellestræet

c) **Brann og eksplosjonsfare (H350)**

Faresone brann-/eksplosjonsfare markerer faresona rundt verksemdar eller lager omfatta av storulukkeforskrifta. Ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak etter pbl. § 20-1 bokstav a, b, d, g, j eller m innanfor sona, skal det gjerast ei risikovurdering. Nye slike tiltak er berre tillate dersom det kan dokumenterast tilfredsstillande risikotilhøve, jf. pbl. § 11-8 3.ledd bokst. a)

**Tab.21. Område med brann- og eksplosjonsfare knytt til sjø**

Kommune	Feltnamn	Område
Alver	H_350-F2	Rydlandsvåg
Alver	H_350-F3	Eidsnes
Austrheim	H_350	Mongstad

d) **Høgspenningsanlegg (H370)**

Sensitiv informasjon om elektriske anlegg, medrekna kraftleidningar, er underlagt taushetsplikt i forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, jf. Offentlegheitslova § 13, 1.ledd, og skal ikkje fremgå av planen.

e) **Omsynssone for militær aktivitet (H380)**

Sona viser forsvarets skyte- og øvingsfelt. Det kan ikkje tillatast faste anlegg i sjø, som til dømes akvakulturanlegg innanfor sona.

- i. Forbodszone
  - Skyte- og øvingsfelt (Hjelte- og Mangersfjorden)

Båndlagte områder for Forsvarets skyte- og øvingsfelt og omsynssoner rundt militære anlegg.

#### 4.1.3. Sone med særskilt angitt omsyn (pbl. § 11-8 c)) (530, 550, 560, 570, 580, 590)

##### a) Omsyn til friluftsliv (H530)

Sona omfattar område med regional verdi for friluftsliv. I desse områda skal landskaps- og friluftslivinteressene prioriterast og vektleggjast tungt ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltak i områda. Innanfor sonene vert det ikkje tillate tiltak som kan hindre tilgang til og bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevingsverdi på anna vis.

Det bør ikkje gis løyve til tiltak og inngrep som kan forringe området verdi som friluftsområde. I samråd med plan- og bygningsmyndigheten kan områda leggest til rette for allmenta. Avlaupsvatn og andre konsentrerte forureining og utslepp av kjølevatn frå land bør føres ut av området.

##### b) Omsyn til landskap (H550)

Sona omfattar område med regional verdi for landskapet som det skal takast særskilt omsyn til landskapsverdiene ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innanfor sona. Nye tiltak kan ikkje tillatast når dei kan kome i konflikt med landskapsverdiar av regional eller nasjonal verdi.

**Tab.22. Område med særskilt omsyn til landskapsverdiar knytt til sjø**

Kommune	Feltnamn	Område
Alver	H550-LS/K	Lygra
Alver	H550-oLS2	Odnøy
Alver	H550-oLS3	Spjeldnes
Masfjorden	H550	Raunøyyna
Masfjorden	H550	Herøyyna
Masfjorden	H550	Dyrøyyna

##### c) Omsyn til naturmiljø (H560)

Sona omfattar område med særleg verdifulle naturtypar eller viltverdiar og er vist som omsynssone i plankartet/temakart. Det skal takast særskilt omsyn til naturmangfaldet ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innanfor sona. Nye tiltak kan ikkje tillatast når dei kan kome i konflikt med naturmangfald av regional eller nasjonal verdi.

For desse områda gjeld særskilt:

- i. I område avsett til **nasjonal laksefjord** skal det ikkje etablerast tiltak eller aktivitetar som kan skade villaksen. I området skal det ikkje etablerast ytterlegare matfiskoppdrett for laksefisk, og eksisterande anlegg er lagt under strengare krav til sikring mot rømming og kontroll av lakselus og annan sjukdom (Alver, Modalen, Osterøy, Vaksdal)

**Tab.23. Område for nasjonal laksefjord**

Kommune	Feltnamn	Område
Alver	H560	Romarheimsfjorden
Modalen	H560	Mofjorden
Osterøy	H560-73	Romarheimsfjorden, Veafjorden
Vaksdal	H560-1	Veafjorden

- ii. Område (H560-2) i Veafjorden markerer lokalitet for **korallrev** på havbotnen. Installasjonar på havbotnen skal ikkje lokalisert her utan å ha vore gjennom ei vurdering av konsekvensar for korallførekomsten. Det bør heller ikkje fiskast med aktive fiskereiskap i området (Vaksdal)
- iii. Sørfjorden (H560-72) er sone for **særlege miljøomsyn** i Sørfjorden. Det skal visast aktsemd med å opne for tiltak og aktivitet som kan påverke miljøtilstanden i resipienten negativt. Det skal ikkje opnast for nye tiltak som kan påverke miljøkvaliteten i resipienten negativt
- iv. **Gyteområde** - Sona viser viktige gyte- og oppvekstområde for marin fisk. Tiltak eller utslepp som kan vera til hinder for gytesuksess og/eller redusera områda sin kvalitet som oppvekstområde, bør så langt som råd unngåast. Dersom inngrep likevel vert vurdert, må konsekvensane av tiltaket og framlegg til evt. avbøtande tiltak gjerast greie for. Søknader om tiltak/inngrep/utslepp på eller i nærleiken av felta, skal leggjast fram for rett mynde for uttale, før vedtak vert fatta (Gjeld for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen)

Innanfor sonene skal naturmiljø gis prioritet. Det bør ikkje gis løyve til tiltak og inngrep som kan forringe områdets naturverdi

#### d) Omsyn / Bevaring av kulturmiljø (H570)

Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi som kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. I desse områda skal kulturminneverdiane prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda, og det kan ikkje setjast i verk tiltak som:

- Kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, dekke til, skjule eller på anna vis utilbørleg skjemme kulturminna eller kulturmiljøet eller framkalle fare for dette
- Tiltak skal heller ikkje redusere kunnskapsopplevings- og formidlingsverdien knytt til kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet og miljøet omkring

#### I planarbeid og/eller førebuande arbeid for tiltak skal det:

- Takast omsyn til kulturminne og kulturmiljø ved lokalisering av nye arealformål
- Nye tiltak vil normalt ikkje kunne godkjennast innafor sona utan særskilt handsaming
- Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske verdier takast vare på og sikrast varig vern
- Søknad om plan eller tiltak skal dokumentere at verdiane knytt til kulturmiljø og/eller -minne vert teken i vare
- Saker som gjeld tiltak knytt til omsynssona skal leggjast fram for regional kulturminnemynde og kommunal fagavdeling for kulturvern for vurdering av kulturminneinteresser.

#### For desse områda/tema gjeld særskilt (KULA-Område):

- «Den Indre Farleia» (Alver og Austrheim kommune)
- Kvalitetane i omsynssona for Den indre farleia skal sikrast gjennom ei restriktiv haldning til større inngrep i form av faste eller flyttbare bygningar, konstruksjonar og anlegg, og til andre større inngrep i landskapet. Det skal særskild takast omsyn til:
  - Kultivert lyngheilandskap
  - Skogfattig landskap og store myrer
  - Små og store landskapsrom som pregar det langstrakte landskapet med landtunger og øyer
  - Kyrkjestadene, særleg i den grad dei er synlege frå leia
  - Kulturminne som visar tidlegare vestlandsk byggeskikk: Lemstover, samanbygde hus, bygningar/anlegg med bruk av stein som byggemateriale
  - Bøkeskog frå vikingtida
  - Kulturminne knytt til den viktige, heilårsopne ferdselsåra (mellom anna dampskipskaiene, Lindås sluser og post-, gjestgjevar- og handelsstader)

Alle reguleringsplanar og større tiltak innanfor omsynssona, som kan verke inn på eit kulturminne eller forholdet mellom kulturminnet og den indre farleia, skal planleggast, prosjekterast og utførast slik at tiltaket har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjonen til tiltaket og omgjevningane. Det skal takast omsyn ved plassering og utforming, for å unngå negative estetiske og miljømessige konsekvensar. Ved regulering/søknad skal desse innehalde illustrasjonar/foto som i naudsynt grad skildrar den estetiske verknaden til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad.

I vurderinga av tiltak og planar som råkar omsynssona, kan det leggjast vekt på verdien tiltaket har for vårtids næringsgrunnlag knytt til sjø, og til vår tids bruk av sjøen i fritids- og rekreasjonssamanheng.



## **Vrak**

Ved tiltak i denne sona skal det takast særskild omsyn til eksisterande kulturmiljø. Eventuelle tiltak skal vera tilpassa eksisterande miljø i utforming og materiale. Alle tiltak i omsynssona skal avklarast med Vestland fylkeskommune. Plankartet syner automatisk freda minne.

## **Laksegiljer (Osterøy og Vaksdal)**

Laksegiljer med bruk av sitje- og kilenot var tidlegare ein utbreidd fangstmetode langs heile kysten og har ei lang og viktig historie. Sitjenot og gilje vart tilpassa dei ulike områda der dei vart nytta, noko som gjer kvar not og gilje unik. Med så få laksegiljer igjen i Noreg sit Osterøy og Vaksdal kommune på kunnskap og fysiske spor som har stor nasjonal verdi.

Laksegiljene er sjeldsynte kulturminne og det er viktig å verne om dei fysiske bygga samt den immaterielle kulturarven.

Det skal takast omsyn til laksegiljene som del av eit omfattande fangstsystem som strekk seg over eit større sjøareal og med fleire forankringspunkt for sitjenot og kilenot på landsida. Det er uvisst i kor stort omfang desse systema er intakt. Ein må difor vise varsemd når det gjeldt tiltak i nærområde til desse sårbare kulturminna. Det vert elles vist til planen sine generelle føresegn om kulturminne og kulturmiljø.

Innanfor sonene skal kulturmiljøet gis prioritet. Det bør ikkje tillatast tiltak og inngrep som kan forringe områdetets verdi

#### 4.1.4. Bandleggingszone (pbl. § 11-8 d)) (710, 720, 730, 735, 740, 780)

##### a) Omsynssone som gjeld bandlagt areal i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova (H710)

Det kan ikkje verte gitt løyve til tiltak i områder som er i strid med det rettslege grunnlaget området er bandlagt etter

**Tab.24. Område i påvente av vedtak etter pbl**

Kommune	Feltnamn	Område
Austrheim	H710-1 og 2	Framtidig FV trase

Sona viser områder som er bandlagt i påvente av vedtak etter til dømes naturmangfold- og plan- og bygningslova.

##### b) Område bandlagt etter Lov om naturvern/naturmangfold (H720)

Omsynssone som viser områder verna etter Lov om naturvern/naturmangfoldloven. Innanfor sona er verneforskrifta styrande for all bruk. Tiltak innanfor sona kan ikkje vere i strid med gjeldande verneforskrifter, jf. pbl. § 11-8 bokstav d)

**Tab.25. Område bandlagt etter lov om naturmangfold**

Verneområde	Kommune	Område
Marint verneområde	Alver	Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde
Naturreservat	Alver	Synnøy, Sandholmane, Øysteinen, Hesjetå, Herdla, Håvarden, Klubben, Loddå, Ådnøy, Vågsskjæret, Klammersholmane og Lurøykalven
	Austrheim	Kuøyana, Skagøyana, Stridholmen, Notholmen, Låge Islendingen, Teistholmen og Teistholmskjeret
	Fedje	Litle Frilsøy, Innarsøyane og Hellisøy
	Gulen	Stuholmen, Systemen, Sogneoksen, Nordre Ramsbarden, Kvernøya, Nordre Lihellene, Søndre Lihellene, Kråkene og Vassøyane
	Masfjorden	Herøy, Raunøyana, Langøyana, Dyrøyskjeret, Skarvholmen, Storholmen og Høgholmen
Munningsfredning	Osterøy, Alver, Modalen	Loneelva (H740-77), Eikangervassdraget, Vabøvågen, Modalselva, Ekso, Vossovassdraget, Daleelva, Andvikelva, Haugsdalselva, Matreelva, Hopevassdraget, Frøysetelva

##### c) Bandlegging etter Lov om kulturminne (H730)

Sonene viser kulturminne. Innanfor sona gjeld føresegnar om freding etter kulturminnelova (kml.) og det kan ikkje utan dispensasjon etter kml. § 8 setjast i gang inngrep i grunnen eller andre tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på anna måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3

- i. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for regional kulturminnemynde, jf. kml. §§ 3 og 8
- ii. Kostnader knytt til naudsynt arkeologisk undersøking dekkast normalt av tiltakshavar, jf. kml. § 10

d) **Område bandlagt etter anna lovverk (H740)**

Område eller areal både på land og/eller i sjø som er bandlagt etter anna lovverk, jf. pbl § 11-8. 3. ledd, bokst. d)

i. **Energilova (H740)**

Område som er konsesjonssøkt til høgspenningsanlegg etter energilova og sona markerer bandlagd areal langs høgspenteleidningar og andre anlegg i transmisjonsnettet:

- Det gjeld eit generelt byggjeforbod innan for sona og det må ikkje setjast i verk tiltak under eller nært høgspenningsleidningar eller anlegg som er i strid med «Forskrift om elektriske forsyningsanlegg»
- Ved gjennomføring av bygging, graving, utfylling, sprenging eller andre tiltak må det ligga føre samtykke frå anleggseigar

Område som er planlagt for gassrøyr. Frå ventil i Fensfjorden til Sløvåg (Gulen) (H740-22)

ii. **Akvakulturlova**

Sona omfattar lokalitet Djupevika (Gulen) (KPA ID AKV\_04)

iii. **Friluftslova (H740)**

**Tab.26 Område skjerma etter friluftslova knytt til sjø**

Kommune	Feltnamn	Område
Alver	H740-1	Io
Alver	H740-2	Lunden

e) **Område bandlagt etter sikkerhetslova (H780)**

Det tillatast ikkje aktivitet eller tiltak som er i strid med bandlegginga.

i. Forbodssone

- Skyte- og øvingsfelt (Herdla)
- Skyte- og øvingsfelt (Herdlefjorden)

Båndlagte områder for Forsvarets skyte- og øvingsfelt og omsynssoner rundt militære anlegg.

4.1.5. Gjennomføringszone (H810), pbl. §11-8 3.ledd bokstav e), jf. §12-6

- a) Område som skal gjennom felles reguleringsplan (område/detalj) før tiltak etter planen kan realiserast

**Tab.27. Krav om felles planlegging**

Kommune	Plan ID	Sone_Løpenr	Sted	Plantype
Alver (4631)	1256-2019-001	H810_1	Flatøy	
		H810_7	Fløksand	
		H810_X	Skjelanger	
Modalen (4629)	1252-2014-001	H810_1	Otterstad	Reguleringsplan
		H810_8	Mo brygge	Reguleringsplan
		H810_9	Mostraumen	Reguleringsplan
Osterøy (4630)	1253-2014-007	H810_1	Hoshovde Havnen	
Vaksdal (4628)*	1251-2015-001	H810_2	Stanghelle Nesjane	Områdeplan
		H810_3	Vaksdal	Områdeplan
		H810_4	Bogo	
		H810_6	Eidslandet	
<p>*Vaksdal                      Sona markerer område der det skal etablerast områdereguleringsplan før tiltak som ikkje er i tråd med gjeldande reguleringsplanar, kan realiserast: a) H810_1, H810_2 og H810_3 indikerer område der det skal utarbeidast områdereguleringsplan for Dale, Stanghelle og Vaksdal. b) Unntak gjeld for Reguleringsplan for fellesprosjektet Vossebanen og E16 Arna – Stanghelle.</p>				

## 5. Føresegnssområder (pbl. § 11-10)

### 5.1. Føresegnssområde

#### 5.1.1. Reguleringsplanar som vert supplert av IKP Sjø

##### a) Tilhøve til gjeldande reguleringsplanar:

- i. Planområde for IKP SJØ gjeld for sjøareal
- ii. For reguleringsplanar som går både på land og i sjø er planområde for IKP SJØ teikna til omriss av den aktuelle reguleringsplanen
- iii. Innanfor planområde er det 3 gjeldande reguleringsplanar som fullt ut ligg i sjø og som vert supplert av føringane i IKP SJØ. Ved motstrid gjeld IKP SJØ foran:
  - i. Detaljplan Langøy - Ospeneset, Fensfjorden (Alver), planID 1263-2016-06
  - ii. Detaljplan Toska Sør, Mangersfjorden (Alver), planID 1260-2019-04
  - iii. Detaljplan Angelskår, Sjørfjorden (Osterøy), planID 1253-2019-01

#### 5.1.2. Deponi

Det er tillatt å deponere rene muddermasser i områder merket DEP.

- a) Dumping av muddermasser skal foregå utanfor gyttesesong
- b) Naudsynte tiltak for å redusere spreiring av finpartikulært materiale utanfor areal for deponi, skal iverksetjast.

Mudring og dumping krev tillating etter forureiningslova og handsamast av Statsforvalteren. Før områda tas i bruk til deponering, må saka leggast fram for Fylkeskommunen

#### 5.1.3. Flytebrygger - Vaksdal kommune

- a) I område merkt #1-3 i plankartet er det tillate å bygge inntil to flytebrygger i planperioden utan krav til reguleringsplan, jfr. pbl §11-11 nr.4
  - i. Flytebryggene som etablerast skal maksimalt ha plass til fire fritidsbåtar under 50 fot. Bryggene skal ikkje ha uteliggjarar. Pbl §11-9 nr.5
  - ii. I søknad om utlegging av flytebryggjer skal det dokumenterast at tiltaket ikkje bidreg til auka privatisering av strandsona. Pbl §11-9 nr.6

**Tab.28.Føresegnssområde for flytebrygger utan krav til reguleringsplan**

Feltname	Område	Storleik med utliggar (maks)	Bruksstatus
#1	Kallestadsundet Aust		Tatt i bruk
#2	Kallestadsundet Vest		Tatt i bruk
#3	Staveneset		Tatt i bruk

Hensikten med føresegnene er å opne for mindre flytebrygger i strandsoner som i stor grad er privatisert.

- Føresegnene gjeld berre i område der det er vurdert at slike tiltak ikkje har vesentleg negative konsekvensar for landskap, naturmangfald, kultur- eller nærmiljø
- Hensikten er å oppmode til fellesskapsløysingar der fleire grunneigarar kan gå saman om flytebryggjer i strandsona det gjeld, slik at ein ikkje får ei strandsona med flytebryggjer ved alle naust-, eller strandeigedomar

## Definisjonar

### Kommuneplanen

- Samfunnsdelen
- Arealdelen skal fastsetje hovudtrekka for korleis areala skal brukast og vernast, og kva viktige omsyn som må vurderast ved disponering av areala, og korleis areala samla sett skal disponerast for å nå måla for samfunnsutviklinga.

Ein arealdel omfattar arealkart, føresegner og ein planomtale med konsekvensutgreiing, jamfør § 4–2 andre ledd. Jamfør § 1–5, som viser til at ein vedtatt plan skal leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning mv., og til § 11–6 om at arealdelen av kommuneplanen er bindande for framtidig arealbruk

Konsekvensutgreiing skal vurdere viktige miljø- og samfunnsverdiar, verknaden ei eventuell utbygging vil ha for desse verdiane, og kva som kan gjerast av avbøtande tiltak for redusere dei negative verknadene

Risiko og sårbaranalyse (ROS-analyse) er ei analyse av risiko og sårbarheit. Analysen skal gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar. Dette gjeld både naturgitt og menneskeskapt risiko og sårbarheit.

Plankrav – Krav om utarbeiding av reguleringsplan før det kan gjerast tiltak

Omsynssone – sone som ikkje regulerer arealbruken, men som gjer rammer for å sikra at det vert teke omsyn til konkrete interesser som t.d. kulturminne, friluftsliv m.m.

Teknisk infrastruktur er veg-, vatn-, og avlaups-anlegg, sløkkjevatn, miljøstasjon, vegljøs, andre samordna tekniske installasjonar mm (straum, breiband, TV, telefon)

Felles tilkomstbrygge – brygge som skal nyttast av fleire brukarar for å sikre naudsynt tilkomst til naustområde

Den funksjonelle strandsona er landområde som står i direkte samspel med sjøen økologisk, topografisk og bruksmessig. Denne sona kan vere både smalare og breiare enn 100-meters beltet etter plan- og bygningslova § 1-8. Ved å definere ei funksjonell strandsona får kommunen ei lokalt tilpassa strandsona og ikkje ei statisk 100-meters grense

Normalnull – Gjennomsnittshøgde av sjøoverflata i ein periode på 19 år (kartkote 0)

Fagkunnig vurdering/undersøking – krav til relevant og fagleg kompetanse til spesifikke undersøkingar som skal gjennomførast. Krava er stilt for å sikre forsvarleg gjennomføring av tiltak

Naust - uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap